



Til rektor

Dato: 06.05.2016

Vår ref.: 2014/17126-78

Saksbehandlar: martved1

Dykkar ref.:

Førespurnad om deltaking i fokusgruppeintervju – ei undersøking områdgjevingstenesta i Hordaland

Hordaland fylkeskommune jobbar no med *regional plan for kompetanse og arbeidskraft*. Dette er ein plan som forsøker å bidra til å sikre at arbeids- og samfunnslivet i Hordaland har tilgang på relevant arbeidskraft og framtidsretta kompetanse, med utgangspunkt i utdanningssystemet. Ein rekke sentrale aktørar er invitert inn i arbeidet, mellom anna LO, NHO, KS, Høgskulen i Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen. Eit informasjonsbrev om dette arbeidet vart sendt ut til kommunane og deira skular samt vidaregåande skular i fylket.

Arbeidsgruppa for utdanningsval, utdannings- og yrkesrettleiing har jobba fram ei spørjeundersøking som no vert sendt ut til rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanningsinstitusjonar. Denne skal sjå på heile rådgjevingstenesta i samanheng og gje kunnskap om arbeidsoppgåver og samarbeid.

For å få eit blick på korleis elevane opplever rådgjevingstenesta på ungdomstrinnet og vidaregåande skule ønskjer arbeidsgruppa å samle elevar frå fleire skular til fokusgruppeintervju. Intervjua vil handle om korleis elevar gjer val samt meininger og oppfatningar kring rådgjevingstenesta. Vi ser føre oss å samle to elevar frå kvar skule, til saman opptil 8 elevar i kvar gruppe. Det vil vere eigne grupper for ungdomstrinn, studiespesialiserande og yrkesfag. Intervjua vil bli gjennomført i fylkesbygget i Bergen og varigheita vil vere frå 1,5 til 2 timer.

Våren er ein hektisk periode for skulane på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. Vi forstår at dette kan bli ei utfordring men håpar de kan finne ei tid som passar i høve eksamensavviklinga. Rådgjevarane ved skulen vil kunne hjelpe oss me å finne aktuelle deltakarar. Vi håpar at resultata frå denne undersøkinga vil kunne vere av interesse for skulen, deira tilsette og elevar.

Linda Farestveit
Leiar seksjon skule
Opplæringsavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.